



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 19.04.2017
Tid: 15:10 – 17:50

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vigdis Røen Leirvik	Agnar Aarskog	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Torgeir Steien	Avd. leiar plan og utvikling
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (i sak PS 26/17)

Wenche Tislevoll
Ordfører

Bente Fitjar
Møtesekretær

Protokollen er elektronisk godkjent.

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 24/17	Godkjenning av protokoll	
PS 25/17	Eigarmøte i Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	
PS 26/17	Søknad om tilskot til Fitjarfestivalen 2017	
PS 27/17	Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - avgrensa høyring	
PS 28/17	Saksframlegg - Kjøp av Fitjar bu- og behandlingssenter	
PS 29/17	Prosjekt VA Sjoarreset	
PS 30/17	Ymse	
PS 31/17	Meldingar	

Sak PS 29/17 Prosjekt VA Sjoarreset vart handsama etter sak PS 26/17 Fitjarfestivalen.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) forlet møtet etter handsaming av sak PS 30/17.

PS 24/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 25/17 Eigarmøte i Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tek orienteringa frå selskapet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:
Kommunestyret gjev utsendingane til representantskapet i Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS følgjande mandat:

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Dagleg leiar Terje Gilje og styreleiar Rune Sandvik i SIM var tilstades og orienterte om drifta, endringar i nytt anbod, og om planar framover. Det er for tida mange ryddeaksjonar/-ordningar i gong i SIM-kommunane.

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak/tilråding: (Samrøystes)

Formannskapet tek orienteringa frå selskapet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:
Kommunestyret gjev utsendingane til representantskapet i Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS følgjande mandat:

Miljøfond: alternativ 1

Ein brukar avkastninga av miljøfondet til miljøføremål i kommunane, fondet skal oppretthalda sin verdi. Midlane må plasserast for best mogeleg avkastning.

Ressurs- og miljøstrategi: Tiltrår godkjenning av strategien

PS 26/17 Søknad om tilskot til Fitjarfestivalen 2017

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver kr 50.000 til Fitjarfestivalen 2017.
Løyvinga vert teke frå posten for tilleggsloøyving.

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 27/17 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - avgrensa høyring

Framlegg til tilråding:

Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune stiller spørsmål om fylkeskommunen har heimel til å vedta slike overordna arealkart, og føreset at kartet ikkje skal vera juridisk bindande. Fitjar kommune krev at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringer, og verksemder i kommunen(positiv samfunnsverknad).

Alternativt: Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsonar og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2.40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Formannskapet drøfta saka, og ga rådmannen signal om kva uttalen frå Fitjar kommune skal innehalde. Administrasjonen skriv om framlegg til høyringsuttale før utsending av saka til kommunestyret.

Vedtak/tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsoner og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Dersom dette likevel blir vedteke:

- Føreset Fitjar kommune at kartet ikkje skal vera juridisk bindande.
- Fitjar kommune vil og krevja at eksisterande næringsområde innanfor arealsone landskap kan nyttast vidare, og dersom tilhøva elles ligg til rette for det, kan det gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.

Fitjar kommune krev at kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemdar i kommunen (positiv samfunnsverknad).

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2.40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. Ein viser til grunngjeving i drøftinga ovanfor.

PS 28/17 Saksframlegg - Kjøp av Fitjar bu- og behandlingssenter

Framlegg til vedtak

Formannskapet godkjenner kontraktsutkastet som den føreligg / Formannskapet godkjenner kontrakten, med fylgjande endring: Punktet om urådighetserklæring fjernes.

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte om status for arbeidet med overtaking av Fitjar bu- og behandlingssenter.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner kontrakten, med fylgjande endring: Punktet om urådighetserklæring fjernes.

PS 29/17 Prosjekt VA Sjoarreset

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tar status for prosjektet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret aksepterer auka ramme for gatelys med kr 200.000, som vert å leggja inn i revidert budsjett.

Prosjektet blir forlengt til Lio, som skissert i saka, under føresetnad at det kan gjerast innanfor ei ekstra ramme på kr .

Strekninga frå Bedehuset forbi skulen blir utført i 2017. Nødvendig endring av budsjetttramma vert å leggja inn i revidert budsjett.

Eventuell investering i vegljøs og arm til fabrikkjen vert å vurderer i revidert budsjett.

Kommunestyret godkjenner vidareføring til Lio, og oppstart av denne delen.

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Før møtet vart det sendt 2 kartskisser til medlemene i formannskapet.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurderer gildskapen hennar. Mannen hennar har eigarinteresser i Engevik & Tislevoll AS, som er entreprenør for prosjektet. I varaordførar sitt fråver, valde formannskapet Arne Prestbø (H) til ordstyrar. Wenche Tislevoll (H) vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Saka gjeld no hovudsakleg flytting av arbeid frå 2018 til 2017, som kommunestyret må gje løyve til. Det gjeld kr 200.000 til kablar for vegljøs, og arbeid (grøft, fortau) frå bedehuset til skulen, brutto kr 600.000. Resten av prosjektet forbi skulen vil bli vurdert i revidert budsjett.

Så har me og fått kostnadene ved ei vidareføring til Lio monaleg redusert, og vurderer det føremålstenleg å vidareføra prosjektet dit. Dette kan gjerast ved ei tilleggslyyving på kr 200.000. Sidan kommunestyret tidlegare har teke denne delen ut, må dei no gje løyve til tiltaket.

Formannskapet drøfta saka, og gjekk samrøystes inn for å løyva ei ekstra ramme på kr. 200.000 til prosjektet.

Vedtak/tilråding: (4 røyster)

Formannskapet tar status for prosjektet til vitande.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret aksepterer auka ramme for gatelys med kr 200.000, som vert å leggja inn i revidert budsjett.

Prosjektet blir forlengt til Lio, som skissert i saka, under føresetnad at det kan gjerast innanfor ei ekstra ramme på kr. 200.000,-.

Strekninga frå Bedehuset forbi skulen blir utført i 2017. Nødvendig endring av budsjetttramma vert å leggja inn i revidert budsjett.

Eventuell investering i vegljøs og arm til fabrikkjen vert å vurderer i revidert budsjett.

Kommunestyret godkjenner vidareføring til Lio, og oppstart av denne delen.

PS 30/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Innsende spørsmål frå representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP):

1. Stadsnavnet i saken om vegnavn her hos meg på Liarbø sku bli Sæterbøvegen. No har kommunen meldt meg og andre inn til folkeregisteret med adresse Raudland. Er dette i tråd med vedtak i saka om vegnavn?

Svar frå administrasjonen:

Vedtaket i kommunen på vegnamn er Sæterbøvegen. Det burde gjerne vore Seterbøvegen, av omsyn til samordning med Selevik, der me gjekk frå æ til e.

Kristin Meland opplyser at kommunen ikkje har sendt førevarsel, langt mindre vedtak om bruk av namnet Raudland. Me kjenner såleis ikkje til noko vedtak om dette. Namnet Raudland vart elles foreslått endra til Rydland.

2. Barnehagen i Dåfjorden er full og har venteliste. Stemmer det at dei ikkje får utvide sin kapasitet pga ledig kapasitet i FUS sin barnehage på Fjellheim? Grunna vedtak i saka om salg- FUS overtakinga på Fjellheim? Slik eg har forstått det så er konsekvensen at det i dag går 3 born i barnehage i Stord kommune som følge av dette. Så kommunen tilslutt får rekninga på fra Stord?

Svar frå skulesjef John Karsten Raunholm.

Fitjar kommune hadde møte med Dåfjorden barnehage 30. mars om opptak av barn utover dei 18 plassane dei har brukt dei siste åra.

Sitat frå referatet etter møtet:

«Barnehagen har no ein ledig plass (stor). I nærområdet er det 3 små barn som ynskjer barnehageplass. Desse barna vil mest sannsynleg søkja plass i Stord kommune dersom dei ikkje får plass i Dåfjorden. Barnehagen ynskjer å ta opp desse 3 barna. Skulesjefen har sjekka godkjenninga til barnehagen. Ut frå det arealet dei har til rådvelde kan barnehagen ta opp desse 3 barna. Når det gjeld uteområdet skal me sjekka dette opp med Fylkesmannen. Dette har barnehagerådsgjevar fått svar på i etterkant av møtet slik at dette er OK. Barnehagen må vera klar over at dei må tilsetja ein person til med førskulelærerutdanning sidan utvidinga går ut over grensa for 18 plassar. Elles må bemanninga vera forsvarleg ut frå barnetalet.»

Ved å ta opp desse barna i Dåfjorden barnehage vil Fitjar kommune spare om lag kr 20.000,- pr. barn samanlikna med det Stord kommune ville teke i refusjon dersom barna hadde gått i ein barnehage i Stord kommune. Avtalen som vart inngått med Fjellheim friluftsbarnhage fell bort 01.08.2017 og påverkar av den grunn ikkje saka.

3. Kven har avtale med Fitjar kommune om pæreskift, vedlikehold og ettersyn/rotesjekk osv av gatelys/stolper m.m. I kommunen. Er dette noko som kommunen har hatt ute på anbud? Dette er vel noko me leiger inn arbeidskraft til? Å konkurransereglene er vel klare på det området?

Viss ja, kor mange gav tilbud?

Viss nei, kvifor ikkje?

Viss nei, er dette noko me sku vurdert?

Svar frå Tore Nesbø, Brann-og driftssjef:

Det er ikkje avtale på vedlikehald av gatebelysning, her leiger ein inn på timebasis, og for medgått tid og materiell, det er avtale på straumforsyning, noko som har vore ute på anbud. For å gå ut på anbud med vedlikehald av gatebelysning må ein ha ei omlegging av styreskap for gatebelysninga, då ca 10 stk av desse er inne i trafokioskar, der kun personell frå Fitjar kraftlag har tilgjenge av omsyn til tryggleik, ei ombygging til utanpåliggjande styreskap ligg på ca 40.000,- pr. trafo.

4. Kven har kontrakten i Lio på dei kommunale veglysa der i forbindelse med arbeidet som pågår no?
Samme spørsmål angående anbud og konkurranse der.

Svar frå rådmann Atle Tornes.

Vegljos var ein opsjon i anbudet med Engevik & Tislevoll. Det var på eit tidleg tidspunkt føresett at Fitjar kraftlag skulle forskottera investeringa, og samordna med deira nye anlegg, som ville gje ei viss innsparing. Ein gjekk difor bort frå anbudet, og laga eigen avtale basert på pristilbod frå FKL. Seinare gjekk ein bort frå forskotteringa, då det vart for komplisert, og delt i kablar, fundament, som måtte gjerast no, og styringssystem og stolpar, som var føresett i 2018. Det er no tinga kablar og fundament frå FKL, og lagt i grøft.

5. Bakgrunnen for spørsmåla om gatelys er enkel.
Kan andre gje oss billigere og meir lys for samme summene som me idag bruker på kommunale gatelys og vedlikehold.
Å har me strengt tatt lov å ikkje ha dette ut på anbud?

Administrasjonen viser til siste del av svaret frå Tore Nesbø.

6. Har kommunen ein plan for retaksering av eigedommene i forbindelse med eigendomsskatt og utskrivning av denne?
Viss ja, kva tid skal det utførast retaksering?
Skal satsane for takstgrunnlaget aukast? T.d. Bunnfradrag, Pris pr m2 osv.

Svar frå rådmann Atle Tornes

Grunnlaget for verdsetjing av eigedomsskatt er den generelle marknadsverdien på ein eigedom. Det me til no har gjort er å nytta sjablongverdiar (t.d verdi pr kvm, aldersfradrag og liknande)for å finna eit anslag for verdien, som då var rekna til ca 70 % av marknadsverdien, som eit teoretisk gjennomsnitt.

Me kan taksera om tidlegast etter 10 år frå 2009, dvs ny takst med verknad frå 2019. Då må me gjera arbeidet i 2018, og må ta stilling til det i 2017, slik at me får gjort jobben i 2018, då me har for knapp tid i 2019(2 mnd).

Me har pr i dag ikkje nokon plan for dette, men det er naturleg at saka blir handsama i budsjett 2018, slik at ein har midlar til taksering. Detaljar om korleis ein skal verdsetja(t.d. endra sjablongverdiar) kan ein setja i løpet av 2018.

Me kan alternativt velja å nytta likningsverdiane i staden for omtaksering. Vilkår for dette har me ikkje sett på.

Me kan velja å ikkje omtaksera, og berre nytta eksisterande systematikk og takstar vidare. Om det er særlege vilkår for dette har me ikkje sett på.

Botnfradrag er ikkje ein del av taksten, men eit vedtak, som kan endrast kvart år i budsjettet.

Rådmann Atle Tornes orienterte om status for arbeidet med reguleringsplan i Årskog. Fristen for uttale er gått ut. Fylkeskommunen skal på synfaring i området i neste veke. Planen vert lagt på høyring i juni. Grunnundersøking er ferdig, rapporten vil koma i neste veke.

Rådmann Atle Tornes orienterte om revisjonsmelding frå Deloitte, dei fann ikkje noko å kommentera i rekneskapen.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om endring i tilbudstruktur ved Fitjar vidaregåande skule. Grunna lågt søkjartal til Vg2 Interiør og utstillingsdesign og Vg3 Interiør, er det

føreslege å leggja ned/ikkje oppretta desse. Saka vart handsama i Opplæring og helse 19.04. Eit knapt fleirtal gjekk inn for eit prøveprosjekt med å slå dei to klassane saman. Saka skal avgjerast i Fylkesutvalet 3. mai. Ordføraren oppmodar partia å jobba mot fylkespolitikarane for å få dette til.

Ordføraren minna om årsmøte i næringsrådet i morgon, 20. april.

PS 31/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 19.04.2017:

Meldt i møtet:

- ✓ Melding om skatteinngang mars 2017
- ✓ Søknad om tilskot til arbeid med utviklingsprosjekt i Fitjar sentrum
- ✓ Status nødstraum Havnahuset og FBB
- ✓ Melding Fitjar frivilligsentral m/vedlegg (notat frå frivilligsentralen)
Saka er drøfta i utval for oppvekst og omsorg 04.04.17.
Formannskapet oppretta ei arbeidsgruppe. Dagfinn Brekke (KRF) vart peika ut som medlem frå formannskapet, og frå administrasjonen vart ass. rådmann Svein Dale Soleng peika ut som medlem.
- ✓ Melding frå styret i Håkon den gode
Formannskapet meiner at foreninga Håkon den gode får behalda kulturmidlane (kr. 18.000,-) frå i fjor, mot at kulissar/scene etter oppsetjinga i Moahagen vert fjerna.
Administrasjonen formidlar dette til styret i Håkon den gode.
- ✓ Kommunebarometer – resultat Fitjar
Formannskapet etterlyser meir informasjon om kva som er grunnlaget for tala og ranking i presentasjonen, ber om å få ein gjennomgang i kommunestyremøtet i juni.

Vedtak: (4 røyster)

Som framlegg.